

MØTEINNKALLING

Utval: Komite for Helse og omsorg
Møtestad: Formannskapssalen Herøy rådhus
Dato: 15.05.2014
Tid: 14:00

Melding om forfall til tlf. 70081300.

Forfall til møter i kommunale organer skal vere gyldig i hht. Lov om kommuner og fylkeskommuner § 40, nr. 1.

Varamedlemer som får tilsendt sakliste, skal ikkje møte utan nærare innkalling.

Dersom du ønskjer din habilitet vurdert i ei sak, må du melde skriftleg frå til Fellesekretariatet om dette i god tid før møtet (Forvaltningslova § 8, 3. ledd).

Fosnavåg, 08.05.2014

Fred Hansen
leiar

SAKLISTE:

Saksnr	Innhold
PS 15/14	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 16/14	Protokoll frå førre møte
PS 17/14	Referatsaker
PS 18/14	Kommunedelplan for bustadsosialt arbeid - stadfesting av planprogram
PS 19/14	Løn i støttekontakttenesta
	Referatsaker
RS 9/14	K-sak 51/14 Særutskrift - Herøy omsorgssenter - gul avdeling - søknad om mellombels godkjenning

Til orientering/drøfting:

- Gul avdelinga. Orientering etter møte med fylkesmannen 14.04.2014. v/Fred Hansen og Ragnhild Velsvik Berge
- Barnevern – Orientering om tilsynet frå fylkesmannen samt generelt om situasjonen.
- v/Lilly-Åse Skogen

PS 15/14 Godkjenning av innkalling og sakliste

PS 16/14 Protokoll frå førre møte

PS 17/14 Referatsaker



Eigedomsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

-

Sakshandsamar:	Arkivsaknr:	2013/442
	Arkiv:	L71

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
18/14	Komite for Helse og omsorg	15.05.2014
	Formannskapet	10.06.2014
	Valnemnd	

KOMMUNEDELPLAN FOR BUSTADSOSIALT ARBEID - STADFESTING AV PLANPROGRAM

Tilråding frå rådmannen:

1. Formannskapet fastset i medhald av plan- og bygningslova § 11-13 planprogram for kommunedelplan for Herøy - bustadsosialt arbeid – 2015 til 2019.
2. Formannskapet ber valnemnda om å velje to representantar frå helse- og omsorgskomiteen til å site arbeidsgruppa for planarbeidet.

Særutskrift:
Rådmannens leiargruppe
Helse- og omsorgskomiteen

Vedlegg:

1. Kommunedelplan for Herøy - bustadsosialt arbeid – 2015 til 2019 - planprogram

Saksopplysningar:

Saka gjeld stadfesting av planprogram for kommunedelplan for bustadsosialt arbeid.

Bakgrunn

Kommunestyret godkjende i K-sak 148/09 bustadsosial handlingsplan for Herøy kommune. Planen skal no reviderast.

Utarbeiding av planprogram

Det vart varsla oppstart av arbeidet med revidering av kommunedelplanen i K-sak 54/13.

Høyring

Planprogrammet låg til høyring i perioden 03.05.13-14.06.13. I høyringsperioda kom det inn ein merknad frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal.

Fråsegn frå Fylkesmannen 07.06.13

Vi gjer merksam på at kommunen har eit særskilt ansvar for å sikre aktiv medverknad frå born, ungdom og unge vaksne, samt andre grupper som treng spesiell tilrettelegging... Det bør vurderast om representant frå desse gruppene bør inviterast med i styringsgruppa og/eller arbeidsgruppa.

Viktig at butilboda ikkje berre rettar seg mot dagens brukargrupper, men blir utforma på ein så universelt utforma måte som mogeleg, slik at dei kan brukast av alle, etter kvart som brukargruppene endrar seg over år.

Vurdering av fråsegner

Ved utarbeiding av planen vil interessegrupper knytta til born, ungdom, unge vaksne og andre grupper med særskilt tilretteleggingsbehov inviterast til opne møte i tillegg til at administrasjonen vil invitere seg sjølv til eventuelle særmøte med desse gruppene. Vidare vil ein presentere planens innhald for desse gruppene ved utlegging til offentleg ettersyn.

Tekniske krav, herunder til universell utforming, vurderast i det konkrete byggeprosjekt. Generelt har kommunestyret i K-sak 162/12 strategi for investering, drift og vedlikehald av kommunale bygg vedteke fylgjande målsetting for investeringsprosjekt:

Beslutning om iverksetjing av investeringsprosjekt skal tilstrebe redusert vedlikehaldsbehov, optimalisert energibruk, auka brukarfunksjonalitet og auka omstillingsfleksibilitet.

Krava til universell utforming er sentrale i vurderinga av brukarfunksjonalitet og omstillingsfleksibilitet.

Endra ansvar for planen

Ansvar for planen låg tidlegare til NAV Herøy. Når eigedomsavdelinga fekk overført stillinga som bustadkonsulent til sin organisasjon tok avdelinga også over ansvaret for planarbeidet.

Andre endringar etter offentleg ettersyn

På bakgrunn av endra organisatorisk ansvar for planen, har eigedomsavdelinga vurdert utkastet til planprogram på nytt og tilrår fylgjande endringar i gjeldande utkast til planprogram:

Navn

Planen har endra namn, frå bustadsosial handlingsplan til kommunedelplan for Herøy - bustadsosialt arbeid – 2015 til 2019.

Sråk og disposisjon

Planprogrammet er endra på mindre punkt, disposisjonsmessig og språkleg.

Organisering

Helse- og omsorgskomiteen vert styringsgruppe for planarbeidet og skal handsame planen i dei sentrale utgreiingsfasene. Kommunestyret skal fortsatt slutthandsame/eigengodkjenne planen.

Ein tilrår at det vert oppretta ei arbeidsgruppe beståande av to representantar frå helse- og omsorgskomiteen og fire representantar frå henholdsvis barn-familie- og helseavdelinga, NAV Herøy, pleie- og omsorgsavdelinga, bu- og habiliteringsavdelinga og eigedomsavdelinga.

Rådmannens leiargruppe vert referansegruppe og skal konsulterast i dei sentrale utgreiingsfasene og ved slutthandsaming av planen.

Framdrift

Framdriftsplanen er revidert og inneber at kommunedelplan for bustadsosialt arbeid vert fremma til slutthandsaming våren 2015, truleg i mai eller juni. Det er ikkje tilrådeleg å tvinge fram ein plan tidlegare enn dette, dersom målsettinga er å få etablert ein kvalitativ plan, forankra administrativt, politisk og blant interessegruppene.

* * *

Ovannemnde endringar av framdriftsplan er naudsynte. Endringa av organiseringa av planarbeidet er vurdert som naudsynt for å sikre ei best mogleg forankring av planen politisk og administrativt.

Endringsforslaga har vore drøfta med rådmannens leiargruppe, noverande arbeidsgruppe og noverande styringsgruppe.

Vurdering og konklusjon:

Rådmannen rår til at formannskapet fastset i medhald av plan- og bygningslova § 11-13 planprogram for Kommunedelplan for Herøy – Bustadsosial handlingsplan 2015 til 2019. Vidare må valnemnda velje to representantar frå helse- og omsorgskomiteen til arbeidsgruppa for planarbeidet.

Arbeidet med revidering av bustadsosial handlingsplan stoppa opp sommaren 2013 grunna sjukefråvær. Arbeidet startar no opp igjen i regi av eigedomsavdelinga. Framdriftsplanen inneber at planen vert fremma til slutthandsaming i juni 2015, tidsnok til at planen vert ein premissleverandør i arbeidet med budsjett 2016.

Eigedomsavdelinga rår til at planprogrammet vert endra noko. Rådmannen vurderer det ikkje som naudsynt med ny høyring av planprogrammet med desse endringane

Konsekvensar for folkehelse:

Planprogrammet sett rammene for arbeidet med kommunedelplanen, som kan ha direkte konsekvensar for folkehelsa.

Konsekvensar for beredskap:

Planprogrammet sett rammene for arbeidet med kommunedelplanen, som kan ha direkte konsekvensar for beredskapen.

Konsekvensar for drift:

Planprogrammet sett rammene for arbeidet med kommunedelplanen, som kan ha direkte konsekvensar for drift.

Fosnavåg, 30.04.2014

Erlend Krumsvik
Rådmann

Robert Myklebust
Eigedomsleiar

Sakshandsamar: Gry Dragsund-Vike

KOMMUNEDELPLAN FOR HERØY

BUSTADSOSIALT ARBEID

2015 - 2019



PLANPROGRAM

SIST REVIDERT 30.4.2014

1 INNLEIING

Bustadsosial handlingsplan er ein kommunedelplan vedteken i K-sak 148/09. Planen skal no rulleras under ny tittel:

Kommunedelplan for Herøy - bustadsosialt arbeid – 2015 til 2019

Det er eigedomsavdelinga som eig planen etter at stillinga som bustadkonsulent vart overført frå NAV Herøy saman med ansvaret for startlån og tilskot til tilpasning og utbetring. Saman med kommunale utleigebustadar råd avdelinga såleis over sentrale kommunale bustadsosiale virkemiddel.

2 FØREMÅL MED PLANEN

Føremålet med planen er å utvikle ein politisk bindande plan for det bustadsosiale arbeidet i perioden 2015 – 2019. Med utgangspunkt i NOU 2011:15 «Rom for alle» kan ein seie at planen skal:

- sikre ein overordna strategi og målsetjing for bustadsosialt arbeid
- sikre ein handlingsplan i tråd med målsetjingane
- forankre og sikre eigarskap til planen politisk og administrativt

Planen skal såleis sikre føreseielege rammer for det bustadsosiale arbeidet samt sikre planen legitimitet og forankring politisk, administrativt og økonomisk.

3 RAMMER OG RETNINGSLINER FOR ARBEIDET

NOU 2011:15 «Rom for alle» omtalar det å ha ein stad å bu som ein føresetnad for helse, utdanning, arbeid og samfunnsdeltaking.

Lovverket omtalar kommunens arbeid med bustadar slik:

Lov om sosiale tenester i NAV § 15: Boliger til vanskeligstilte

Kommunen i arbeids- og velferdsforvaltningen skal medvirke til å skaffe boliger til vanskeligstilte personer som ikkje selv kan ivareta sine interesser på boligmarkedet.

Lov om kommunale helse- og omsorgstenester § 3-7: Boliger til vanskeligstilte

Kommunen skal medvirke til å skaffe boliger til personer som ikke selv kan ivareta sine interesser på boligmarkedet, herunder boliger med særlig tilpasning og med hjelpe- og vernetiltak for dem som trenger det på grunn av alder, funksjonshemming eller av andre årsaker.

Å skaffe gode butilbod til dei som har krav på det etter lova, er utfordrande. Nytt lovverk, nye kommunale oppgåver og vekst og endring i befolkningssamansetning, gjer behovet for langsiktig planlegging endå større i åra framover.

Herøy kommune har valt å inkludere alle målgrupper i arbeidet med kommunedelplan for bustadsosialt arbeid. Det er viktig å samordne framskaffing av bustadar på tvers av målgrupper og tenesteområde, styrke kompetansen om økonomiske og organisatoriske verkemiddel og samordne organisasjonens arbeid og virkemiddel opp mot vedtekne målsetjingar.

Den bustadsosiale handlingsplanen har status som kommunedelplan og arbeidet med revidering vil fylgje plan- og bygningslova sine krav til prosess, jf. § 11-4. Arbeidet med planen vert forankra i kommunen sitt overordna plansystem. Det er spesielt viktig og sjå planarbeidet i samanheng med:

- Planstrategi for Herøy kommune.
- Budsjett og økonomiplan for Herøy kommune.
- Kommuneplanen sin samfunnsdel.
- Kommuneplanen sin arealdel.
- Kommunedelplan for helse- og omsorg.
- Alkoholpolitisk plan.
- Rusmiddelpolitisk handlingsplan.
- Strategi for investering, drift og vedlikehald av kommunale bygg.

4 ORGANISERING AV ARBEIDET

Helse- og omsorgskomiteen skal vere styringsgruppe for utarbeiding av planen. Forslag til plan skal handsamast av komiteen før endeleg handsaming i formannskap og kommunestyre.

Ei arbeidsgruppe beståande av to representantar frå helse- og omsorgskomiteen samt representantar for pleie- og omsorgsavdelinga, bu- og habiliteringsavdelinga, barn-, familie- og helseavdelinga, NAV Herøy og eigedomsavdelinga er ansvarleg for utarbeiding av planen. Eigedomsavdelinga sin bustadkonsulent er sekretær for arbeidsgruppa.

Rådmannens leiargruppe er referansegruppe for planen og skal konsulterast når tematikken tilseier det.

5 FRAMDRIFTSPLAN

Framdriftsplanen legg opp til politisk handsaming av planen i løpet av våren 2015. Framdriftsplanen syner kun planarbeidets faser, etter at eigedomsavdelinga overtok ansvaret for planen.

DELFASE	2014								2015					
	Mai	Juni	Juli	Aug.	Sept.	Okt.	Nov.	Des.	Jan.	Feb.	Mars	April	Mai	Juni
Intern kartlegging														
Stadfesting av planprogram														
Utarbeiding av plan														
Offentleg høyring														
Bearbeiding av merknadar														
Slutthandsaming Helse- og omsorgskomiteen														
Slutthandsaming Formannskapet														
Slutthandsaming Kommunestyret														

6 MEDVERKNAD

Planprogrammet er utarbeida av ei tverrfagleg arbeidsgruppe og revidert av eigedomsavdelinga etter offentlig høyring og etter drøfting med rådmannens leiargruppe, tidlegare styringsgruppe og tidlegare arbeidsgruppe.

I sjølve utarbeidinga av planen vil ein sikre seg medverknad særleg frå fylgjande partar:

- Eldrerådet
- Råd for menneske med nedsett funksjonsevne
- Ungdomsrådet
- Barn og unge sin representant
- Bulystprosjektet

Det vert lagt opp til ope møte i juni månad for å sikre innspel frå interessegruppene. I tillegg vil ein stille på møte med dei ulike interessegruppene dersom desse ynskjer det. Vidare vil utkast til plan bli presentert i ope møte ved utlegging til offentlig ettersyn.

7 UTGREIINGAR

Styringsgruppa legg i mandatet bestilling på status for tiltak i eksisterande plan, samt nærare utgreiingar på følgjande punkt:

- Arbeidsgruppa skal finne ut av kva hovudutfordringar kommuna står overfor i dag på det bustadsosiale feltet
- Arbeidsgruppa skal greie ut kva nye bustadsosiale oppgåver kommuna er tildelt som fylgje av samhandlingsreforma
- Arbeidsgruppa skal kartlegge eksisterande bustadmasse og synleggjere moglegheiter for omdisponering for mest mogleg formålstenleg bruk.
- Arbeidsgruppa skal kome med forslag til strategi for utbygging av butilbod basert på målgruppe. Denne strategien må sjåast i lys av personalressursar og nærleik til anna tenesteytar.
- Arbeidsgruppa skal greie ut korleis Husbankens verkemiddel kan nyttast for å fremje måloppnåing knytt til utbygging av dagtilbod.
- Arbeidsgruppa skal vurdere ulike interkommunale løysingar for utvikling av dagtilbod for små brukargrupper, der ein vil tene på større faglege miljø.

Utgreiingane er grunnlag for nye tiltak i kommunedelplanens handlingsplan. Planen skal innehalde eit eige punkt om roller, eigarskap og oppfølging av tiltak i planperioda.

Behov for andre utgreiingar kan dukke opp i planprosessen. Ein må vurdere i kvart einskilde tilfelle om desse behova skal gjennomførast i sjølve planprosessen eller leggest inn som utgreiingstiltak i kommunedelplanens handlingsplan.

8 ANDRE AKTUELLE PROBLEMSTILLINGAR

Med omsyn til brukarmedverknad er det særskilt viktig å få identifisert og brakt på bana relevante grupper for medverknad på områder som høyrer inn under NAV. Her må ein vurdere bruk av representantar som har fagkompetanse og kjennskap til gruppene i eigen kommune. Desse kan seie noko om utfordringar, behov og moglege løysingar.

Kartlegginga og analysen av behov kjem i denne rulleringa av planen etter at siste høyringsrunde på kommunens arealplan er gjennomført. Dette gjer at behova som vert identifiserte kjem etter at disponeringa av kommunens arealressursar er fordelte.



Bu- og habiliteringsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

-

Sakshandsamar:	RRK	Arkivsaknr:	2014/416
		Arkiv:	520

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
19/14	Komite for Helse og omsorg Eldrerådet Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	15.05.2014
	Formannskapet	10.06.2014
	Kommunestyret	19.06.2014

LØN I STØTTEKONTAKTTENESTA

Tilråding frå rådmannen:

Kommunestyret vedtar at løn til støttekontaktar vert likestilt med løna til assistentar utan utdanning, jamfør tariff og at løna vidare automatisk vert korrigert ved endringar i tariffavtalen.

Kommunestyret ber avdelingane om å løyse auken i kostnad innan allereie tildelt budsjetttramme i 2014. For 2015 og vidare vert kostnadsauken teken med i budsjettarbeidet.

Særutskrift:

Personal og organisasjonsavdelinga

Pleie- og omsorgsleiar

Bu- og habiliteringsleiar

NAV-leiar

Vedlegg:

Saksopplysningar:

Med bakgrunn i K-sak 25/14 om køyregodtgjersle i støttekontakttenesta, og saksopplysning om svak rekruttering til tenesta, har kommunestyret bedt rådmannen kome med ei nærare utgreiing i høve lønsvilkår i tenesta.

Per i dag har Herøy kommune om lag 88 personar som har vedtak om støttekontakt samla sett frå Pleie- og omsorgsavdelinga, Bu- og habiliteringsavdelinga og NAV. Av dei 88 er det 12 personar som er innvilga vedtak, men som ikkje har tilbod på grunn av manglande rekruttering til tenesta. Løn i til støttekontaktar vart sist endra i adm.sak 01/09 frå kr. 85,- pr. time til 115,- per time. Satsen har ikkje vore korrigert i forhold til prisvekst desse åra.

Helse og omsorgskomitèen i Herøy, ba bu- og habiliteringsleiar i møte den 06.02.14 om å kartlegge kva kommunane i 7-stjernenettverket betalar i løn til støttekontaktar, for på den måten å betre kunne vurdere Herøy sitt lønsnivå i tenesta.

Kommunane har svart følgjande:

Hareid: 136,- (over 18 år), 122,- (over 16 år) og 108,- (under 16 år).

Ulstein: 115,- per time (ikkje presisert om det er standardsats).

Ørsta: 136,- per time (ikkje presisert om det er standardsats).

Volda: 116,- per time (ikkje presisert om det er standardsats).

Vanylven: 136,- per time. Standardsats.

Sande: 136,- (over 18 år), 122,- (over 16 år) og 108,- (under 16 år).

Herøy: 115,- per time. Standardsats.

Vurdering og konklusjon:

Det er noko ulik praksis i kommunane rundt oss. 5 av 7 nyttar høgare betalingssats enn Herøy kommune. Det er ikkje alle kommunane som har respondert like konkret, men overvekta har oppgjeve ei løn på 21 kroner meir per time til støttekontaktar over 18 år enn kva Herøy kommune betalar. To av kommunane nyttar same sats til oppdrag i støttekontakttenesta som til assistentoppdrag for assistentar utan utdanning, justert etter alder. Løna vert då korrigert i tråd med endringar i tariff.

Herøy kommune har utfordringar knytt til å rekruttere til støttekontaktoppdrag. Løn er eit viktig verkemiddel i dei fleste rekrutteringsprosessar. Når løna er vesentleg lågare enn ved andre arbeidsoppdrag i samfunnet, får vi ekstra utfordringar i å rekruttere til denne lovpålagde oppgåva.

Rådmannen rår til at løn til støttekontaktar vert likestilt med løna til assistentar utan utdanning jamfør tariff og at løna vidare automatisk vert korrigert ved endringar i tariffavtalen, som praksis i kommunane Hareid og Sande. Dette vil i dag gi ei timelønn på 136,- for dei som er over 18 år.

For 2014 vil avdelingane søkje å løyse auken i kostnad innan allereie tildelt budsjetttramme. For 2015 og vidare vert kostnadsauken teken med i budsjettarbeidet.

Konsekvensar for økonomi: Auke i løn som skissert over vil ha ein økonomisk konsekvens. Med utgangspunkt i gjeldande tal på vedtak, med eit snitt på 3 timar i veka per vedtak, vil ein med heilårsverknad ha ein auke i kostnad på kroner 289.000,- samla sett. Korrigert for verknad på ca. 8 månader, etter politisk handsaming i kommunestyret, vil dette innebære auka kostnad på 192.000,- fordelt på Pleie- og omsorg, Bu- og habilitering og NAV i 2014.

Konsekvensar for folkehelse:

Konsekvensar for beredskap:

Konsekvensar for drift: Forhåpentleg vert det enklare å rekruttere til oppdrag i støttekontakttenesta.


Fosnavåg, 27.03.2014

Erlend Krumsvik
Rådmann

Renathe Rossi Kaldhol
Bu- og habiliteringsleiar

Referatsaker

Referatsaker



HERØY KOMMUNE
HERØY KOMMUNE

Eigedomsavdelinga

SAKSPROTOKOLL

-

Sakshandsamar:	RMY	Arkivsaknr:	2014/29
		Arkiv:	614

Utvallsaksnr	Utval	Møtedato
12/14	Eldrerådet	14.04.2014
57/14	Formannskapet	08.04.2014
51/14	Kommunestyret	24.04.2014
10/14	Komite for Helse og omsorg	20.03.2014

HERØY OMSORGSSENTER - GUL AVDELING - SØKNAD OM MELLOMBELS GODKJENNING

Tilråding frå rådmannen:

- 1. Kommunestyret godkjenner Sjukeheimvegen 5 B mellombels som sjukeheimsavdeling for Herøy omsorgssenter – gul avdeling – til utgangen av 31.12.2016.**

Særutskrift:

Eigedomsavdelinga

Pleie- og omsorgsavdelinga v/ Ragnhild Velsvik Berge

Anlegg- og driftsavdelinga v/ Jon Rune Våge

Herøy brannvern v/ Tore Langvatn

Barn- familie- og helseavdelinga v/ Inger Marie Tofthagen

Kommuneoverlegen

Helse- og omsorgskomiteen

Eldrerådet

Møtebehandling:

Saksframlegget som var utsendt i saka var ikkje godkjent. Korrekt saksframlegg vart sendt ut på nytt og delt ut i møte.

Eigedomsløiar Robert Myklebust orienterte.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Komite for Helse og omsorg - 20.03.2014

1. Kommunestyret godkjenner Sjukeheimvegen 5 B mellombels som sjukeheimsavdeling for Herøy omsorgssenter – gul avdeling – til utgangen av 31.12.2016.

Møtebehandling:

Tilråding frå Helse og omsorgskomiteen vart delt ut i møtet.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Formannskapet - 08.04.2014

1. Kommunestyret godkjenner Sjukeheimvegen 5 B mellombels som sjukeheimsavdeling for Herøy omsorgssenter – gul avdeling – til utgangen av 31.12.2016.

Møtebehandling:

I forbindelse med søknad om mellombels godkjenning for bruk av Gul Avdeling til utgangen av 31.12.2016 og brev fra Kst kommuneoverlege, Fylkeslege og oppslag i media var Eldrerådet på synfaring ved gul, grønn, rød og blå avdeling ved Herøy Omsorgssenter (Ytre Herøy) den 14.04.14.

Opprinneleg var det også lagt opp til besøk i Indre Herøy Omsorgssenter, men på grunn av at fleire av medlemmene i Eldrerådet var godt kjende med forholda på denne institusjonen og at både lokalitetane og omsorga til brukarane blir oppfatta som god og innanfor regelverk og forskrifter i Sjukeheimsforskrifta, vart dette avlyst/utsatt.

Tilråding i Eldrerådet - 14.04.2014

1. Det vert utarbeidd ein realistisk framdriftsplan for oppføring av ny heildøgns omsorgsbustadar som er stor nok til å dekke behovet for overføring av brukarane som i dag er innlosjert ved Gul-avdeling, innan 30.06.14.
2. Eldrerådet vil på det sterkaste anbefale å ikkje flytte dagens bebuarar til midlertidig innlosjering i andre sjukeheimsavdelingar som medfører å ta i bruk små tomanssrom til brukarane som er blitt vant til einmannsrom.

Det same vil gjelde bruk av midlertidig «brakkeliknande» opplegg. I samtalar med både brukarar og personell fekk vi det klare inntrykk av at begge partar vil fortsette å bruke Gul Avdeling inntil ny moderne heildøgns omsorgsbustadar er oppført heller enn å sette i gang ein opprivande flytting av brukarane, noko også ein klar majoritet av pårørande er einig i.

Eldrerådet har notert at det pågår diskusjonar om å flytte deler av sjukeheimsomsorga ut av det etablerte miljøet på Eggesbønes, noko Eldrerådet meiner er lite framtidsretta. Sjukeheims plassar krev heildøgns omsorg, noko som krev mykje personell. Personellet kan mest effektivt brukast ved samlokalisering av tenestene. Herøy kommune disponerer nok areal på Eggesbønes til å få opprette eit framtidsretta sjukeheim-/omsorgssenter.

Ved å forlengje fløyene til Blå avdeling mot sørvest, med ein tverrfløy i enden vil vi med forholdsvis «enkle» midlar og på overkomeleg tid kunne overføre brukarane frå Gul avdeling til ei tidsmessig og effektiv avdeling.

Ei slik løysing vil maksimalisere effektiv bruk av personell mellom dei forskjellige avdelingane og gi heildøgns omsorg på den mest effektive måte. Ein annan ting Eldrerådet legg vekt på er brannberedskap som vil vere mest kostnadseffektivt ved samlokalisering.

Neste trinn i sjukeheimsutbygginga i Ytre Herøy bør planleggast å gjennomføre når brukarane av Gul avdeling er overført til utvida Blå avdeling. Då bør Sjukeheimsvegen 5 B rivast og ny sjukeheimsavdeling til å dekke behovet for dagens kapasitet på Grønn-og Rød avdeling, i tillegg til behovet til nye brukarar som vil «slå inn» i løpet av de komande år.

Ei eventuell kommunal deltaking ved bygging av «omsorgsleiligheter» i sentrum kan løysast etter «Holmsildbrygge» konseptet.

Eldrerådet viser for øvrig til bekymringsmeldingar fra Pensjonistforbundet når det gjeld kommunen/politikarane sin lite framtidsretta handtering av eldreomsorga.

Møtebehandling:

Saksprotokoll for saka vart delt ut i møtet.

Eigedomsløiar Robert Myklebust orienterte.

Det vart halde gruppemøte.

Ap/V kom med slikt nytt framlegg:

1. Herøy kommunestyre godkjenner Sjukeheimsvegen 5B mellombels som sjukeheimsavdeling for Herøy omsorgssenter – gul avdeling – til 01.05.16.
2. Herøy kommunestyre viser til budsjett 2014 og økonomiplan 2015-2017 og bed om at planlegging av nye omsorgsbustadar med heildøgns omsorg,

lokalisert i eksisterande helse og omsorgsområde på Eggesbønes, vert oppstarta umiddelbart.

10 røysta for det nye framlegget frå Ap/V.

Formannskapet si tilråding vart vedteken.

Vedtak i Kommunestyret - 24.04.2014

1. Kommunestyret godkjenner Sjukeheimvegen 5 B mellombels som sjukeheimsavdeling for Herøy omsorgssenter – gul avdeling – til utgangen av 31.12.2016.

Uprenta vedlegg:

1. K-sak 08/2008
2. K-sak 80/09

Prenta vedlegg:

1. Kommuneoverlegens uttale av 21.02.2014
2. Referat frå synfaring med brannvesenet 19.02.2014

Saksopplysningar:

Saka gjeld mellombels godkjenning av Sjukeheimsvegen 5 B som sjukeheimsavdeling for Herøy omsorgssenter – gul avdeling.

Bakgrunn

Kommunestyret godkjente i K-sak 8/2008 Sjukeheimsvegen 5 B som mellombels sjukeheimsavdeling for Herøy omsorgssenter – gul avdeling, sjå uprenta vedlegg 1.

Det er ingen ekstern instans som godkjenner bygg som lokale for sjukeheimsdrift. Det ligg til kommunestyret sjølv å avgjere dette som eigar.

Krav til sjukeheimsbygg

Kommunehelselova § 1-3 slår fast at sjukeheim eller buform for heildøgns omsorg og pleie skal inngå i det tilbodet kommunen skal ha for å løyse oppgåvene innanfor pleie – og omsorgstenestene.

Forskrift for sjukeheimar og buform for heildøgns omsorg og pleie (forskrift av 14.11.1988 nr. 932) er meir utfyllande når det gjeld krav til drift og utforming av sjukeheimar. Særleg fylgjande bestemmelsar i forskrifta er relevante for saka:

Kapittel 1. Virkeområde

§ 1-1. Denne forskrift gjelder sykehjem og boform for heldøgns omsorg og pleie som nevnt i kommunehelsetjenesteloven § 1-3 annet ledd nr. 5. Med boform i denne forskrift menes også sykehjem.

Kapittel 3. Godkjenning - Drift

§ 3-2. Boformen skal ha tilknyttet:

1. en administrativ leder
2. en lege som skal ha ansvaret for den medisinske behandling
3. en offentlig godkjent sykepleier som skal ha ansvaret for sykepleien
4. det antall personell for øvrig som er nødvendig for å sikre beboer nødvendig omsorg og bistand.

Kapittel 4. Beboernes rettigheter

§ 4-1. Ved utformingen av bygningen(e) skal det tas nødvendig hensyn til funksjonshemninger og behandling-, pleie- og assistansebehov hos beboerne. Bygninger over en etasje skal ha heis.

Sengerommene skal som hovedregel være enerom. Det kan innredes to-sengsrom for ektefeller og andre som ønsker å bo sammen. Sengerommene skal ha en størrelse og utforming som forenkler stellet av sengeliggende pasienter. Rommene bør ha uttak for telefon. Det skal være et WC-rom i tilknytning til hvert sengerom.

Grupper av sengerom bør ha egne spise- og oppholdsarealer samt kokemuligheter som kan benyttes av beboerne.

§ 4-2. *Boformen skal ha:*

- 1. tilfredsstillende kjøkken- og vaskerifunksjoner*
- 2. nødvendige rom tilrettelagt for å ivareta beboernes hygiene*
- 3. funksjonell møblering og belysning*

§ 4-3. *Beboerne skal kunne medbringe egne møbler og private gjenstander ved permanent opphold.*

§ 4-4. *Beboerne skal ha adgang til å dyrke sine interesser og forme sin tilværelse som de ønsker i den utstrekning det er forenlig med den medisinske behandling, drift av boformen og av hensynet til andre beboere.*

Kommuneoverlegens vurdering

Kommuneoverlegens uttale til saka fylgjer som prenta vedlegg 1.

Pleie- og omsorgsleiar si vurdering:

Etter ei grundig kartlegging av dåverande tenestetilbod og framtidige behov la Komite 3 fram sin rapport med vidare planar for kommunen si utbygging av framtidige omsorgstenester i K-sak 80/09, sjå uprenta vedlegg 2. I punkt 6 i vedtaket står det at kvileheimsbygget skal rivast når det vert erstatta av ny sjukeheimsavdeling. Ein naturleg konsekvens er at bygget ikkje vore prioritert for anna enn minimalt vedlikehald.

Planen var å avvikle sjukeheimsdrifta i bygget ved opning av blå avdeling. Behovet for kapasitetsauke førte derimot til at ein valde å vidareføre sjukeheimsdrift i første etasje. Det er kritikkverdig at kommunen ikkje har fått på plass eit erstatningstilbod etter så mange år, og det er godt at det no har kome inn i budsjett- og økonomiplanen. Bygget er ikkje egna for sjukeheimsdrift, og pasientane sitt funksjonsnivå må tilpassast etter dette. Kommuneoverlegen var kritisk til vidare drift sist det var gitt dispensasjon, slik han er også i denne saka. Kommuneoverlegen rår frå at det vert gitt vidare dispensasjon, og meiner at pasientane må få erstatningstilbod innan eit halvt år.

Pleie- og omsorgsleiareren deler kommuneoverlegens faglege vurderingar, men har ei litt meir pragmatisk tilnærming til tidsaspektet, sidan planleggingsprosessen no har kome i gang. Dersom det ikkje er slik at bygget må rivast omgåande for å gjere plass til nybygg på same område, må ein spørje seg om ikkje pasientane har det best med å få vere på einerom på gul, i staden for dobbeltrom på ei anna avdeling i påvente av nybygg. Det er då avgjerande viktig å halde sterkt press på framdrift i denne saka, slik at tidsperioden fram mot nybygg vert kortast mulig. At kommuneoverlegen har sett ein så kort frist for avvikling av bygget må ein ta som eit sterkt signal.

Gul avdeling har felles drift med eit heimetenedistrikt som har lokale i andre etasje. Det er eit ope spørsmål korleis ein skal løyse lokalisering for heimetenedestene, og dette må også finne sitt svar i denne prosessen.

Eigedomsleiaren si vurdering:

Sjukeheimsvegen 5 B er eit betongbygg i 4 etasjar der loft og kjellar i hovudsak er nytta til tekniske installasjonar og lager. Byggets 2. etasje har kontor- og lagerlokale for heimesjukepleia, vaskeri og garderober. I byggets 1. etasje er det 10 pasientrom for sjukeheimsdrift, 1 bad og tre toalett.

Allereie i 2008-saka var det ein premiss for kommunestyrets vedtak at bygget har klare bygningsmessige manglar som gjer det utilrådeleg å akseptere anna enn mellombels bruk av bygget. Bygget har i lengre tid heller ikkje vore prioritert for anna enn heilt naudsynt vedlikehald. Bygget vert såleis vurdert som eit saneringsobjekt. Det er difor ikkje tilrådeleg med nye investeringar i bygget utover det som måtte vere strengt naudsynt. Grunngevinga er som følgjer:

Brukarfunksjonalitet

Bygget er ikkje tilpassa dagens krav til sjukeheimsdrift.

Bygget har fire etasjar med mykje gangareal og trange rom, dårleg eigna for sjukesenger og rullestolar. Bygget er såleis ikkje tilpassa behandling, pleie eller assistanse av sengeliggande pasientar. Det er heller ikkje plass nok til naudsynte hjelpemiddel for ei moderne sjukeheimsavdeling.

Pasientromma og sanitærforholda er ikkje akseptable, med berre eitt bad og tre toalett for totalt 10 pasientar. Det er ikkje tilrådeleg i eit kost/nytteperspektiv å tilpasse bygget til kravet om eit WC pr. rom.

Bygget har ikkje tilfredsstillande kjøkken- og vaskerifunksjonar.

Bygget har dårlege lagerfunksjonar. Dette medfører at utstyr er lagra i korridorar og trapperom, noko som ikkje er ønskeleg av omsyn til brannsikkerheit, reinhald og inneklima.

Lokala set grenser for den enkelte pasient med tanke på høve til privatliv. Pasientromma er for små og fellesareala er lite eigna til dette formål.

Brannsikkerheit

Bygget er kategorisert som eit særskilt brannobjekt, kategori A.

Det vart påpeikt ein del branntekniske manglar i samband med godkjenningssaka i 2008 som i hovudsak er utbetra. Eigedomsavdelinga har bede Herøy brannvern om ei ny vurdering i samband med denne godkjenningssaka. Referat frå synfaringa fyl som prenta vedlegg 2 og syner at det er mindre branntekniske avvik i bygget. Desse avvika vil bli utbetra av eigedomsavdelinga som forvaltar og av pleie- og omsorgsavdelinga som leigetakar i løpet av kort tid.

Ein presiserer at ovannemnde referat ikkje er eit fullverdig branntilsyn og at brannvernet har varsla årleg tilsyn i bygget.

Energi

Bygget er, saman med Bergsøy skule Borgia, det einaste kommunale bygget med oljefyr. Oljefyr skal i fylgje dagens regjering fasast ut i kommunale bygg innan 2018. Lekkasjar frå nedgravd oljetank gjer at det lukter sterkt av olje i kjellaretasjen.

Vurdering og konklusjon:

Rådmannen rår kommunestyret til å mellombels godkjenne Sjukeheimsvegen 5 B som sjukeheimsbygg for Herøy omsorgssenter – gul avdeling, til utgangen av 2016.

Mellombels godkjenning er tilrådeleg sett i samanheng med den budsjettløyving som kommunestyret har vedteke for 2014 og økonomiplan 2015-2017. Det er såleis avsett kr. 300 000,- til planlegging av nye omsorgsbustadar med heildøgns omsorg i 2014 og kr. 20 mill. til bygging av bustadane i 2015. Med dette vedtaket vel kommunestyret å dreie noko av dagens sjukeheimsdrift over mot heildøgns omsorgsbustadar, eit tilbod kommunen ikkje har i dag. Dette er ei anna driftsform, som er definert som heimeteneste. Dei pasientane som er på gul må enten få tilbod om anna omsorgsnivå eller plass i anna sjukeheimsavdeling.

Det er avgjerande viktig med god framdrift i planleggingsarbeidet for nye omsorgsbustadar. Av omsyn til godkjenningsfristen for gul avdeling bør difor planlegging fullførast i 2014 med byggestart for nye bustadar i 2015. Funksjons- og arealanalyse oversendast difor kommunestyret for handsaming i løpet av hausten 2014. Spørsmålet om lokalisering av bustadane vil i den samanheng måtte avklarast. Parallelt med planleggingsprosessen vil difor rådmannen ta initiativ til ei endeleg avklaring av lokaliseringa av framtidens omsorgstenester og fremme kommunestyresak med mandat for slik utgreiing, ferdigstilt for parallell vedtak saman med vedtak om godkjenning av funksjons- og arealanalyse

Eigedom sleiar og pleie- og omsorgsleiar presiserer at det i planleggingsarbeidet særleg må avklarast byggetomt for nye bustadar samt alternativ lokalisering av dei funksjonar som i dag har tilhald i byggets andre etasje. Desse to leiarane understreker at val av byggetomt må sjåast i samanheng med den langsiktige eigarstrategien for sjukeheimsbygga i tillegg til dei krav som naturleg fyl av ønsket om effektiv sjukeheimsdrift. Det vert difor eit hovudspørsmål om nye bustadar skal byggast på tomte for dagens sjukeheimsbygg eller om ein skal bygge nytt ein alternativ stad, basert på ein endra strategi for sjukeheimsområdet og sjukeheimsfunksjonane. Likeins er det viktig å løyve midlar til riving av eksisterande bygg.

Konsekvensar for folkehelse:

Funksjonelle og trygge sjukeheimsbygg er viktig for pasientane, dei pårørnde og dei tilsette si folkehelse. Dagens drift er viser lågt sjukefråvær, trivsel blant pasientane. Ein mellombels og tidsavgrensa dispensasjon vert difor vurdert til å gi små konsekvensar for folkehelsa.

Konsekvensar for beredskap:

Mellombels godkjenning ut 2016 inneber ingen vesentlige konsekvensar for beredskapen. Ein er, særleg med omsyn til brann, allereie organisert ut frå det risikobilde ei mellombels godkjenning vil innebere.

Konsekvensar for drift:

Mellombels drift ut 2016 medfører fortsatt driftsutfordringar for pleie- og omsorgsavdelinga fordi pasientgruppene og dei tilsette er delt mellom fleire bygg. På grunn av byggets manglande funksjonalitet, må det takast særlege omsyn til dette ved utval av pasientar til avdelinga. For eigedomsavdelinga inneber mellombels godkjenning at det fortsatt må settast av midlar til drift og naudsynt vedlikehald. Bygging av omsorgsbustadar vil betre den økonomiske situasjonen då

husleigeinntekter kompenserer for driftsutgifter i tillegg til at eit nybygg vil krevje mindre vedlikehald.

Fosnavåg, 03.03.2014

Erlend Krumsvik
Rådmann

Robert Myklebust
Eigedomsleiar

Ragnhild Velsvik Berge
Pleie- og omsorgsleiar

Sakshandsamar: Robert Myklebust